

Naturterapeutisk praksis ved ein global pandemi

World Naturopathic Federation (WNF) har i samband med covid-19 pandemien utarbeida eit dokument som omhandlar kva naturterapi kan bidra med i denne samanhengen.

TEKST: JOHN PETTER LINDELAND



Dokumentet er mynta på styringsverket og helsepersonell, og gjev ein kort informasjon om forskning og kva som eventuelt kan implementerast eller brukast av tiltak. Under er eit samandrag av informasjonen frå WNF.

INGEN COVID-KUR

Å handtera den nåverande globale pandemien, kan ein god strategi vera at ein gjer seg bruk av alle tilgjengelege behandlingar og ressursar både innan konvensjonell medisin og innan tradisjonell- og komplementærmedisin. Naturterapi er etablert og blir praktisert i 98 land over heile verda. Praksisen omfattar blant anna dei mest kjende naturmedisinske terapiformene, i tillegg til ernæring/livsstilendring.

Den nåverande pandemien har vist at

det er viktig å ha fokus på livsstilsfaktorar som kan hjelpe menneske med kroniske lidningar – og som er spesielt utsett i samband med covid-19.

Erkjenning av at det er avgrensa med terapeutiske tilrådingar og ingen kur for covid-19 i høve gjeldande forskning, har fagmiljøet som er tilslutta WNF gjennomført ei undersøking av kva som eventuelt kan vurderast når det gjeld naturterapeutiske tiltak.

LIVSSTIL OG RISIKOFAKTORAR

Å adressera livsstilsfaktorar og underliggjande ikkje-overførbare sjukdomar som diabetes, høgt blodtrykk, hjarte- og karlidningar, luftvegssjukdomar osv., er eit viktig skritt i å redusera risikoen og alvorgraden av den nåverande pandemien. Naturterapien har tradisjon for å fremja

sunne livsstilsvanar og vera understøttande ved slike sjukdomar som nemnt ovanfor 1). Undersøkingar viser at brukarar er godt nøgde med den hjelpa dei får, også når ein samanliknar med det dei får innan konvensjonell behandling. I undersøkingar som WHO har gjort i dei 98 landa som har slik praksis, er at det er ein auka trend i å bruka både urter, vitamin og mineral, diett i eit behandlingsregime – spesielt ved kroniske helseplager.

AKUTTE LUFTVEGSINFESJONAR

WNF har gjennomgått forskning spesielt knyta til akutte luftvegsinfeksjonar, som jo er ein del av covid-19 sitt sjukdomsbilde. Tiltaka og behandling som er vurdert er vit. c, d, zinc, N-acetyl-cysteine, essensielle oljer, sambucus niger, echinacea og hedera helix.

For meir informasjon, gå inn på nettsida til WNF <http://worldnaturopathic-federation.org/>

Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon er assosiert medlem av WNF.

1. <https://bmccomplementmedtherapies.biomedcentral.com/articles/10.1186/s12906-020-2851-7>
<http://worldnaturopathicfederation.org/naturopathic-research-articles/>
<https://pubmed.ncbi.nlm.nih.gov/30785315/>
<https://www.hilarispublisher.com/abstract/estimated-effects-of-wholesystem-naturopathic-medicine-in-select-chronic-disease-conditions-a-systematic-review-39777.html>